

---

Saksnr: 2021/23743-2  
Saksbehandlar: Wenche Irene Sætrevik  
Jensen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021

**Regional samhandlingsavtale Innovasjon Norge, Siva, Norges forskningsråd og Vestland fylkeskommune**

Forslag til vedtak

Hovudutval for næring godkjenner den regionale samarbeidsavtalen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Siva og Norges forskningsråd.

Samandrag

Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland, Siva og Norges Forskningsråd Vestland har vorte einige om ein regional samhandlingsavtale. Avtalen er utarbeidd på bakgrunn av samarbeidsmodellen mellom fylkeskommunane, Innovasjon Norge, Siva og Norges forskningsråd som er avtalt på nasjonalt nivå. Modellen skal sikre ein meir optimal bruk av regionale og nasjonale verkemidlar gjennom å utvikle arenaer for dialog og eit meir forpliktande samarbeid mellom partane. Partnerane skal utfylle kvarandre gjennom dialog og kompetanse, og bruke kvarandre som ressurs for å nå felles mål om næring-, kunnskaps- og innovasjonsarbeidet i regional planstrategi for Vestland.

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Regional samhandlingsavtale Innovasjon Norge, Siva, Norges forskningsråd og Vestland fylkeskommune
- 2 Samarbeidsmodell mellom fylker og virkemiddelapparatet

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Innovasjon Norge Vestland, Siva og Norges forskningsråd er viktige partnarar i Vestland fylkeskommune sitt arbeide for å fremje innovasjon og næringsutvikling i fylket. Fylkeskommunen og dei tre nasjonale aktørane har alle ansvar for ulike verkemiddel som er viktige for å nå felles mål om næring-, kunnskaps- og innovasjonsarbeidet i regional planstrategi for Vestland.

På nasjonalt nivå vart fylkeskommunane, Innovasjon Norge, Siva og Norges forskningsråd i 2017 einige om ein regional samhandlingsmodell. Modellen femnar om

- Nasjonale temamøte
- Regionale samarbeidsavtalar
- Regionale møte

Det er på bakgrunn av den nasjonale samhandlingsmodellen at Vestland fylkeskommune og dei tre statlege verkemiddelaktørane har vorte einige om den regionale samhandlingsavtalen.

Samarbeidsavtalen skal mellom anna sikre at alle verkemiddelaktørane retter tilstrekkeleg merksemd mot tiltaka i regional plan og andre satsingar partane er samde om. Dette kjem i tillegg til oppdragsbrev og andre styringsverktøy.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har jf. reglement for hovudutval for næring punkt 2 og 3.

### Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Avtalen har inga økonomiske konsekvenser

#### Klima:

Samhandlingsavtale har som formål å bidra til å realisere Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og utkast til ny regional plan for innovasjon og næring. Begge legger stor vekt på berekraft, klima og grøn vekst.

#### Folkehelse:

Føremålet for samhandling med dei nasjonale verkemiddelaktørane er å styrke arbeidet for næringsutvikling, etablering av nye verksemdar og sysselsetjing i fylket. Arbeid og sysselsetjing er viktige føresetnader for god folkehelse

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp om Utviklingsplan for Vestland og Regional plan for innovasjon og næring. Formålet med den regionale samhandlingsavtalen er å støtte under arbeidet knytt til næringsutvikling og nyskaping i fylket

### Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring til å vedta den regionale samhandlingsavtalen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland, Siva og Norges forskningsråd.